



## Månadsbrev august 2024

Velkomen til eit nytt skuleår! I år byrja det fem elevar i første klasse, alle gutar. Det er tjue elevar på småskuletrinnet, 13 på mellomtrinnet og 16 på ungdomstrinnet. Ein litt mindre gjeng enn i fjor, men framleis ein flott gjeng! Me har fått to nye lærarar, sidan både Corinna og Hilde har slutta, og det er Sandra og Kjell.

Første skuledag snakka me om at det blir mykje leik/aktivitet, uteskule, gleding og mykje nytt å læra. Me har tenkt oss på overnattingstur til Feed om ikkje så lenge og i teateret 3. desember om han som får laaaang nase om han lyg. Men som oftast er me på skulen, for å lytta, lesa, snakka, syngja, skriva, rekna. Me kan læra av kvarandre, læra til kvarandre, læra saman. Ting går lettast nå me hjelper kvarandre, både når ting går greitt, men òg når noko blir litt vanskeleg. Då kan me vera lys i mørkret for kvarandre, hjelpa kvarandre, stola på kvarandre. Det er faktisk litt lurt å ta i mot hjelp av og til, for saman er me sterke. Hjelper me og forklarar noko for kvarandre, anten det er mor og far eller ein klassekamerat, lærer me faktisk betre, om det er noko praktisk, lesing eller rekning.

I år som tidlegare år vert onsdag **friday for 1.-4. klasse**, bortsett frå sju (7) onsdagar. **SFO** (skulefritidsordninga) er open kvar morgon og ettermiddag frå 06.45-08.40 og 14.20-16.00, samt onsdagar frå 07.45-16.00. Dagsrytmen er slik:

Kl. 06.45 - ca. kl. 08.15      Barna kjem. I denne tida kan borna eta frukost

Omlag kl. 08.20                      Borna ryddar og har friminutt til skuledagen byrjar 08.50

Kl. 14.20                              Borna kjem på SFO etter skuleslutt

Kl. 14.45                              Dei som vil kan eta (ha med ekstra i matboksen)

Kl. 14.45- 16.00                      Leik og aktivitetar inne er m.a. ulike spel, lesebøker, teikning i egne bøker, perling, plastilina, konstruksjonsleker som Lego og sjølvsgatt fri leik. Nokre gonger går me ein tur eller har diverse fysiske aktivitetar i gymsalen. Når borna er ute, er frileiken viktig, men me leikar òg sisten, sparkar ball, hoppar hoppetau, teiknar med kritt, huskar (disser) og leikar i sandkassa m.m.

Ynskjer ein å nytta enkeltdagar i SFO ein gong av og til, søkjer ein om det **seinast** tre verkedagar før, medan SFO i feriar og fridagar, må søkjast om **minst** tre veker **på førehand**. Me held fram med **leksehjelp** for **1.-7. klasse** på måndagen kl. 14.30 - 15.15. Det er som tidlegare inga påmelding, og elevane kan møta kvar veke eller av og til, men det seier seg sjølv at eleven då må hentast av foreldre/føresette etterpå. **Skulebussane** går frå Sinnes skule klokka 14.30 presis! Første skuledag presiserte eg kor viktig det var med **busskort**, men der er det nytt system, så det tek nok ei lita veka før det


fungerer skikkeleg på bussen til og frå Tonstad. Elevane må passa på å halda det så lenge på kortlesaren at dei får grønt lys, og verkar det ikkje etter eit par forsøk, gjev de beskjed til med via Visma flyt skule.



Trivselsleiarane på ungdomstrinnet, som set i gang aktivitetar ute i eitt friminutt fire dagar i veka, fortset. I år er det 8. og 9. klasse som har ansvaret.

Tradisjonen med **sommarminne** held fram, og fristen i år er 30. august. Materialbiletet, eller collagen om du vil, blir flott når alle små, store og eldre leverer inn eit bidrag! Skulle nokon ikkje vilja gje frå seg originalen, kan me kopiera og nytta kopien!

Abonner gjerne på **heimesida**, for då får de melding på e-post når me legg ut noko nytt. Lærarane er flinke til å leggja ut glimt frå livet på skulen, og månadsbrevet blir lagt ut der framover, så følg med! **Årsplanane** og **vekeplanane** blir òg stort sett lagde ut der, eller så finn de dei saman med barnet dykkar på Classroom.



**Det skuleadministrativt systemet**, Visma Flyt Skole, fungerer fint, men pass på å registrera samtykke og å skriva fráværsgrunn ved søknader, ikkje berre "anna", sidan politiske møte som ungdomsrådet og idrettsarrangement kan trekkjast frå fráværet på vitnemålet. De kan òg endra kontaktinformasjon om de t.d. får nytt telefonnummer, melda frávær, sjå frávær/merknader som blir lagt inn og senda og motta meldingar frå skulen i foreldreappen.

Skulane i Sirdal held fram med skuleutvikling som Leselos og inkludering, samt Betre tverrfagleg innsats (BTI), og i månedsskiftet oktober/november skal Sirdalsskulen på personalseminar til London med fokus på språk.

**Klassestyrarane**, eller kontaktlærarane som det offisielt heiter, 2024/2025 er:

Torger Åge Sinnes:	1.-2 klasse
Kristina Smedegård:	3.-4. klasse
Sandra Åsemoen:	5. klasse
Kari Kvæven:	6.-7. klasse
Gunn Iren Josdal:	8.-9. klasse
Terje Sinnes:	10. klasse



I august arbeider me med mest med å bli trygge og å koma inn i gode rutinar, der tryggleik i trafikken er viktig, så 1.-2. klasse får besøk av 0-visjonen 30. august.

Sinnes 20.08.24, *Åse-Berit* (rektor)